



Anbjørn Høivik vann fruktkorga som artisten Bjella lodda ut. T.h.: Sveinung Pile som var konsertansvarleg.

**I helga har leiinga i Festidalen vore på besøk på Nordfjordeid for å læra om samarbeid mellom kommune og festival. Malakoff Rockefestival har eit tett samarbeid med Eid kommune, noko Kvinnherad kan læra av. Dei var svært rause med tips og råd, og delegasjonen frå Kvinnherad er inspirerte og takksame. Ordføreren i Kvinnherad var med i reisefylgje.**

På Nordfjordeid kan dei også mykje meir enn å laga festival. Det er eit driftig lokalsamfunn som er særst gode på bygdeutvikling. Mellom anna byggjer dei no verdas største vikingskip i bygda Dei skal også laga eit stilleg visningssenter. Eid kommune og Kvinnherad har til felles at ein likar bygdene sine og er blide. Delegasjonen frå Kvinnherad takkar for god mottaking og ynskjer Malakoff og Eid velkomne på besøk til Kvinnherad.

Den kjende artisten Stein Torleif Bjella, som før har vore på Festidalen i Uskedalen, var med på markeringa i Nordfjordeid, Han har ofte eit stunt med å lodda ut ei fruktkorg. Denne gongen var det Anbjørn Høivik frå Uskedalen som vann fruktkorga.

Tekst: Peder Sjø Slettebø/Kristian Bringedal  
Nett: Kristian Bringedal  
Foto: Bjørn Olav Tveit